



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2014/10571-19

Vår ref
15/1576-

Dato
22.04.2015

Belønningsordninga - Bergen - Sluttrapportering for avtaleperioden 2011-2014

Vi viser til mottoken rapportering frå 2014 til avtalen mellom Samferdselsdepartementet og Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om tilskot til betre kollektivtransport og mindre bilbruk ("Belønningsordninga") for perioden 2011-2014.

Føremålet med ordninga er å stimulere til betre framkome, miljø og helse i storbyområda ved å dempe veksten i behovet for motorisert transport, og auke talet på reiser i kollektivtransport på kostnad av reiser med privatbil.

Måla i avtalen er:

- Den samla biltrafikken i bompengeringen i Bergen skal ikkje auke i avtaleperioden sjølv om folketalet og/eller talet på arbeidsplassar aukar.
- Biltrafikken inn mot Bergen sentrum skal i periodar med stor andel av arbeidsreiser, reduserast med 5 % i 4-årsperioden.

Den samla biltrafikken i bomringen har auka med 1,6 prosent i avtaleperioden og det første målet er dermed ikkje nådd. Biltrafikken inn mot Bergen sentrum i rush (YDT) minka med 4,9 prosent i avtaleperioden, og det andre målet ansees dermed som oppnådd.

Samferdselsdepartementet vil vurdere den manglande måloppnåinga i handsaminga av søknaden om ein ny belønningsavtale for perioden 2015 til 2018. Avklaringar knytt til ny belønningsavtale for Bergen kjem seinare.

Det er gjennomført eit omfattande arbeid for å styrkje kollektivtransporten og det er rapportert om stor auke i kollektivtrafikken i avtaleperioden. Vidare har Bergen ambisiøse mål om

fortetting, noko som kan ha positive effektar på sikt om dei følgjast opp i praksis. Det har og vore god framdrift i gjennomføringa av dei planlagde tiltaka i avtaleperioden, og lite av midlane har gått til driftstiltak.

Det er ubrukte midlar på 20 mill. kroner, frå den ekstra tildelinga i revidert nasjonalbudsjett 2014. Samferdselsdepartementet ber om rapportering på desse midla innan 1. juli 2015.

I budsjettet for 2015 økte rammen til Belønningsordningen med 325 mill. kroner, sjå brev av 26. mars 2015 for fordeling av desse midla.

Med helsing

Anne-Lise Junge Jensen (e.f.)
avdelingsdirektør

Åse Nossum
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Kopi til:
Vegdirektoratet
Bergen kommune